



Se mottakertabell

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	24/01567-2	Hege Robudal Stenkløv, hege.robudal.stenklov@hivolda.no	10.10.2024

## Høyring - Forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda

Studieadministrasjonen sender med dette forslag til ny forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda.

**Høyringsfristen er fastsett til 22. november 2024.**

### Bakgrunn:

Høgskulen si gjeldande forskrift vart fastsett av styret den 8. desember 2022. Det vart gjort endringar i forskrifta som følgje av endringane som vart gjort i dagjeldande universitet- og høgskulelov (heretter UH-lova). Det vart i tillegg gjort fleire strukturelle endringar mellom anna at reglar knytt til den interne arbeidsorganiseringa ved høgskulen vart tatt ut av forskrifta. Dette vart i staden fastsett i retningslinjer og rutinar.

Kunnskapsdepartementet (heretter KD) la i Prop. 126 L 2022-2023 Lov om universiteter og høyskoler fram forslag om ei ny UH-lov, og den nye lova vart iverksett 1. august 2024. Ny UH-lov vidarefører i stor grad fleire av dei tidlegare reglane, men her er også gjort endringar som gjer det naudsynt med ein revisjon av vår eiga forskrift.

Studieadministrasjonen har fått fleire innspel og tilbakemeldingar om behov for å gjere endringar i någjeldande forskrift. Dette gjeld både små språklege justeringar og større materielle endringar for å tette utilsikta hol i regelverket. Etter den siste revisjonen av forskrifta har ein også fått tilbakemeldingar på at ordlyden har vorte for mykje forenkla og da slik paragrafen har vorte vanskelegare å tyde. Erfaringa er at fleire har vorte usikre på kva som er gjeldande i og med at ordlyden ikkje var den same som før revisjonen. For å sikre at forskrifta er forståeleg for både studentar og tilsette har ein ved denne revisjonen vald å ha fokus på at det kan vere naudsynt med noko meir forklarande ordlyd. Dette gjeld særleg i paragrafar som er direkte retta mot studentrettigheter. Likevel kjem ein ikkje unna at det er ei forskrift og at ein derfor også må halde seg føringar for korleis ein utformar ei forskrift. <sup>1</sup> For å ha eit dynamisk regelverk som står seg over tid kan ein heller ikkje forskriftsfeste alle moglege scenario som kan tenkast å oppstå i ein studiekvardag.

---

<sup>1</sup> «Lovteknikk og lovforberedelse» frå Justisdepartementet

Det vert lagt opp til at ein framleis brukar retningslinjer for å fastsette den interne arbeidsorganiseringa ved høgskulen. Vidare vil retningslinjer vere eit god reiskap for å kunne tydeleggjere dei særskilde paragrafane og kva praksis som gjeld ved høgskulen. Til dømes kan ein i større grad knytte retningslinjer som særskild merknad til dei ulike paragrafane. Ikkje ulikt det som lovforarbeida gjer i dag som merknad til den einskilde paragraf i lovforslag.

Det er kjent at det økonomiske handlingsrommet for sektoren vert stramt i tida framover, og her er fleire endringar i finansieringssystemet som også vil ha innverknad på høgskulen sin økonomi. Det vert færre og mindre detaljerte indikatorar for korleis ein skal rekne ut løyvingane, og indikatorar som til dømes «studiepoengproduksjon» og «fullføringsgrad» vil få større økonomisk verknad. Det vert behov for å sjå på kva høgskulen kan og bør gjere av grep for å auke gjennomstrøyming. Forskrifta regulerer rammene for opptak, studiar og eksamen ved høgskulen, og inneheld mellom anna reglar for studentane sin studierett, her også reglar for tap av både studie- og eksamensrett. Ein kan nytte forskrifta som ledd i det å leggje til rette for betre gjennomstrøyming og ved utarbeidinga av nye paragrafar har ein hatt dette som bakteppe. Dette omsynet må likevel mellom anna balanserast oppimot det at høgskulen skal sikre at studentane oppfyller dei spesifikke læringskrava i studiet.

#### **Korleis høyringa vert gjennomført:**

Det er utarbeida eit høyringsnotat der det vert gjort greie for forslag til endringar i forskrifta. Høyringsnotatet er bygd opp slik at gjeldande paragraf står først, deretter kjem forslag til nye paragraf. For kvar paragraf er det gitt ei forklaring på kva endringa går ut på og kvifor. I fleire tilfelle er det også felt med ytterlegare forklaring, til dømes til særskilte kapittel ol.

For enkelte paragrafer er det oppstilt ein alternativ ordlyd, og i desse tilfelle ber ein særskilt om at høyringsinstansane gir innspel på kva alternativ ein ønskjer. Dette vil gå fram av den særskilde paragrafen.

Høyringsnotatet har vore på intern høyring i Studieadministrasjon før denne høyringa.

Vi ber om at høyringsinstansane vurderer vidare intern prosess for hensiktsmessig forankring og involvering, og at høyringsdokumenta vert kommunisert til relevante einingar og personar. Vi ber om at det vert sendt eit samla høyringssvar frå avdelingane.

**Høyringssvar bes sendt til [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no), og vert merka med saksnummer 24/01567.**

Utdanningsutvalet vil få forskrifta som sak på møte den 20. november 2024, og eit ekstraordinært møte den 2. desember 2024 for å gi tilbakemelding på høyringssvar som kjem inn. Ut i frå den planlagde timeplanen skal styret få forslag til ny forskrift til handsaming på styremøte i 11. desember 2024. Dette slik at forskrifta gjeld frå 1. januar 2025.

Både endringane i UH-lova og vår eiga forskrift vil føre til at det er naudsynt med revidering av eksisterande retningslinjer. Det vil også vere behov for nye retningslinjer. Dette vil være eit arbeid som

det er naudsynt å prioritere etter at forskrifta er iverksett. I samband med enkelte paragrafar er det særleg peika på behovet for endringar og/eller tilføyingar i retningslinjer.

#### **Oversikt over dei største endringane i forskrifta:**

- Forenkling av fri/sjølvsvald bachelorgrad, § 2-2
- Forslag om ein ny paragraf om språkkrav ved opptak, § 3-2
- Forslag om ein ny paragraf om tidleg opptak, § 3-13
- Forslag om ein ny paragraf om opptak på vilkår, § 3-14
- Forslag om ein ny paragraf om semesterregistrering, § 4-2
- Forslag om ein ny paragraf om lengd på studierett, § 4-3
- Forslag om ein ny paragraf om poststudierett, § 4-4
- Reglar for permisjon er samla i eit eige kapittel, kap. 5
- Forslag om ein ny paragraf om nedre grense for permisjon, § 5-3
- Reglar for tilrettelegging er samla i eit eige kapittel, kap. 6
- Ny paragraf om obligatoriske aktivitetar der alle obligatoriske aktivitetar vert samle i ein paragraf. Moglegheita til å klage vert tatt ut, § 7-6
- Tatt bort eigen paragraf om skikkavurdering, da dette er uttømmende regulert i anna regelverk
- Reglar for praksis er samla i eit eige kapittel, kap. 8
- Alternative forslag til forenkling av reglane ved forbetring av karakter, § 9-7
- Forslag om ein ny paragraf for digital eksamen, § 9-12
- Alternative forslag til regler for sensur, § 10-3
- Forslag om å endre fuskereglane i tråd med signala i lovforarbeid og frå Universitet og høgskulerådet (UHR), § 10-5

#### **Oversikt over dei største endringane i UH-lova:**

Det vert her gitt ei kort oppsummering av dei viktigaste endringane i ny UH-lov. For sakshandsamarar vert det anbefalt at ein les merknadane til dei nye paragrafane som ein finn i Prop. 126 L 2022-2033 pkt. 23. Desse gir rettleiing i korleis ein skal forstå reglane. Lovforarbeidet kan lesast i sin heilheit [her](#)

Lova vidarefører i stor grad tidlegare regelverk, men her er tydelege endringar i både lovspråk og lovstruktur. Føremålet har vore å gjere det enklare å finne fram i lova og skape betre forståing for reglane i lova. Det er også foreslått fleire innhaldsmessige endringar og dei mest sentrale er:

- Presisere institusjonane sitt ansvar for akademisk friheit og den individuelle retten og faglege ansvaret for å drive formidling
- Lovfesta institusjonane sitt ansvar for samisk fagspråk i tillegg til norsk og krav om at undervisningsspråket som hovudregel skal vere norsk eller samisk
- Nedlegging av studiestadar er gjort til ein politisk avgjerd ved at mynde er lagt til Kongen i statsråd
- Reglane for midlertidig tilsetjing er vorte strengare
- Krav om to sensorar ved eksamen er modifisert

**Avsluttande merknad:**

Det vert gjort merksam på at medan forslag til ny forskrift er ute på høyring vil Studieadministrasjonen gjennomgå forskrifta for å gjennomføre språkvask og endeleg formatering.

Spørsmål om høyringa kan rettes til underteikna på e-post [stenhero@hivolda.no](mailto:stenhero@hivolda.no)

Med helsing  
Studieadministrasjonen

Hege Robudal Stenkløv  
Seniorrådgiver - jurist

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: Studieadministrasjonen, Studieadministrasjonen v/Håkon Bø, Leiinga v/Ann-Kristin Emblem

---

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Avdeling for kulturfag		Postboks 500	6101 VOLDA
Avdeling for mediefag		Postboks 500	6101 VOLDA
Avdeling for samfunnsfag og historie		Postboks 500	6101 VOLDA
Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning		Postboks 500	6101 VOLDA
IT		Postboks 500	6101 VOLDA
Personal- og dokumentforvaltning		Postboks 500	6101 VOLDA
Økonomi og eigedom		Postboks 500	6101 VOLDA
Leiinga	Odd Helge Mjellem Tonheim	Joplassvegen 11	6103 VOLDA
Leiinga	Eirik Sjøvik	Postboks 500	6101 VOLDA
Biblioteket		Postboks 500	6101 VOLDA
Studentparlamentet i Volda		Postboks 500	6101 VOLDA